Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Tysnes

Emne: Helsing, fakter, åtferd Bygdelag: "

Oppskr. av: Johannes Heggland Gard:

(adresse): Tysnes G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Til vanleg med ei rørsle med hovudet, eit nikk, eller – når det gjeld nei – ei risting. I bestemor si tid såg eg ofte eldre koner som vifta lett med flathanda i lufta når dei gav eit overtydande nei.
2. I førre generasjonen helsa alle på kvarandre her i bygda – kjende som ukjende. I dag helsar ein berre på folk ein kjenner eller veit kven er. Men folk på noko avsides gardar held meir på denne helseskikken enn dei som bur i tettbygda.
3. Mykje godt ikkje, anna små-folk alltid helsa fyrst når dei treffte gjæv folk.
4. Folk munnhelsast meir enn no, især ved kyrkja. Orda var "Gomåå", "Godagen", "Velkomen te", "Du e so flittig" o.l.
5. Dei gjorde (og somme gjer

7898

det enno) seg mykje fôre med
helsinga når det galdt presten
og dei "kondisjonerte" for ein
mannsalder sidan. Karane tok
av hatten og kvinnene såg gjerne
ned når dei helsa. Med sine
eigne var dei mykje friare,
men helsingsforma var all-
tid høvisk, og rituell, endå om
dei kanskje hadde eit mindre
godt ærend, t.d. ved vitjing.

6. Det har eg ikkje kunna fått
noko opplysning om.

7. Ja, både fordi hovudplagget
åt karane gjerne var huve eller
liknande, og fordi det eigentleg
var den som gjekk framom
på vegen som skulle helsa fyrst.

8. Folk handhelste på kvarandre i alle
samkomer, ved kyrkja og når dei
ved høve elles råka sjeldsynte
kjenningar. Ogso borna helsa ein
opp i handa på når ein steig
inn i stova.

9. Berre i gilde (brudlaups og høgtids-
sella.)

10. I førre hundreåret var denne skik-
ken i bruk ved kyrkjegang og gravferd.
På åkeren skal dei for lang tid
attende nytta skikken, (gamle folk har berre
høyrt snakk om det) tok karane
av hovudplagget når dei sådde
(Men elles var det mykje kvinnene
som sådde kornet.)

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
7898

 

11. Kvinne tok av seg hatten om dei råka likferd. Ved brurefeed tok dei det sjeldan so högtidleg, — det kom an på kven brur- folket var.

12. Ein har ikkje noko dömi på det.

13. Ein sa gomårå frå ein var oppe til 8-9, sidan "goddag" (God middag ser ut til å vera nyare) til fram i 6-7-tida om kvelden, deretter godkveld ~~til~~ resten av dagen. Godnatt berre nytta når ein skildes lag og gikk til ro.

14. Sommar her i Tysnes slår på at det er etterapning etter byen og Austlandet. Andre nyttar det mykje. Det gjeld "mom".

15. Å ja, serleg eldre folk svarar gjerne at „Da e kje mårå no".

16. Sjå sp. 14. Her brukar ungdommen
~~17.~~ mykje "mom", mens eldre brukar dei gamle formene.

17. Alle desse orda e kjende og har vore mykje brukte over heile Tysnes. Med unnatak av "God fred" er alle mykje i bruk no og mellom unge og eldre.

18. Eg har nemnt Velkomen te, og svara kunne vera Dy da sama. Takk, me får tru da e signing, da (om arbeidet).



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

19. Ja, liksom før seie mange her i dag og „goddag i stöva" når verten fylgjer dei inn frå tunet.
20 Ein venta helst til hovet bandst, om det ikkje hasta. Ein kunde ymta om „onde firvane", osv., eller dei to gjekk for seg sjølve.
21. Ikkje mellom gardsfolk. Elles brukte og nyttar ein framleis bankinga.
22. Somme ropa dei Kobm eller aller helst gjekk dei stad og opna. Den som kom stod utanfor til dei bad han stiga på. (Det spurdest no og kva ärend han kom i!)
23. Ja han laut gjerne bedast nokre gonger, eller tok til den lågaste sessen i morleiken (ein skammel el. likn.)
24. Hovudplagget kom av straks han kom innfor döra.
25. „Sjå til du får sitja." Til vaksen ungdom: „Ska du stå å veksa?"
26. Det kunde nok henda, men det måtte vera lågt folk som ikkje vart bodne sete.
27. Ein nøytte dei i tunet og sa gjerne sterke ord som: No lyt eg visst finna öksa å hoggja ei skora i veggen (for di det var so sjeldan ei sitjing) Det var det same om dei var velkomne eller ei.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 7898

28. Å ja, det var sakte mein hög-tid. Dei fylgja gjerne til rettes i stova, eller ovatale seg, men staden heisette fram turka dei av som det var. Det har eg sett.

29. "Da va hjelt de ville sjå idn-om ti oss." el. liken.

30 "Du må leva so vel", "Far vel", "Gokveld" "Me snakkast" – og det vart svara: "Du og", "Deg òg sama, og stundom ingen ting sers.

31 a) Utan mange ord, eller ståkande for å løyna alvoret. b.) "Far i fred." „Gud signe"

32 Visstnok berre millom vaksne folk og born.

33. Sjeldan vaksne born og foreldre.

34. Ikkje som eg kjent.

35. Det var ikkje brukt.

36 Sjå sp. 35.

37. Ikkje kjent.

38. Å nummsast, sussa. (Ein suss)

39. Dei ~~nytta~~ bruka det, og kalla det å byta nasa. I bruk.

40. Alle vaksne gjorde slik moro.

41 Det har eg ikkje fått nyss om.

42. Det kjenner eg heller ikkje til.

43. —

44. "Lukke ti" "Gratulera" var mykje brukt.

45. God julahelg, God jul Takk

7898

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

dag da sama) Godt år, God påske, God pinsti, God helg, te lukka me dagen Te lukka me sonen (eller dottera)

46. Kondolerer. Eller helst: Han vart ut omskifte, Da gjekk snøgt, og mei iden let.

47. Ved høgtidsdagar med: Takk åt og, eller "Dag da sama"; ved fester berre "Takk" og handtaking.

48. Det har eg ikkje fått opplysning om.

49. Ved ikkje å ta vedkomande i handa. Eller ved nypsjing på aksla. Likeins med flir, ut-augnekast o.l. liknu.

50. Han seier dei mykje godt du til alle. Berre til dei ein ikkje kjenner godt nok, brukast De. Eldre folk nytta det stundom til kvarandre, likesom og gifte born til foreldre. Til presten t.d. seier eldre folk De.

51. Vaksne folk brukar ikkje slike ord-former seg imellom. Men det heng mykje i når dei snakkar til born under 3 år høgst det ut til.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7898